

Retningslinjer for utarbeiding og drift av tverrfakultære program

Vedteke av utdanningsutvalet 9.5.2012. Lagt fram i universitetsstyret 27.9.2012

1. Utarbeiding av nye tverrfakultære studietilbod

Alle studieprogram skal vere forskingsbaserte. Initiating av nye program kan verte gjort av interne fagmiljø og eksterne miljø/ samarbeidspartnarar. I samråd mellom deltakande fakultet skal det fastleggast kva fakultet som skal ha administrativt ansvar.

Den vidare godkjeningsprosessen er delt i to fasar. I den første fasen skal det verte utarbeid skisse til studieplan, estimerte ressursvurderingar og forslag til dimensjonering. Dette skal leggast ved administrativt ansvarleg fakultet si Utdanningsmelding ved innmelding av ønske om oppretting av nye studieprogram. Etter godkjenning i universitetsstyret tek fase to til, med oppretting av eit representativt programstyre og frist for endeleg studieplan før utlysing neste studieår, jamfør skildring av prosessen og krav til innhald i studieplanane i kap. 16 i *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia*.

2. Ressursvurderingar

Saman med forslag til studieplan for eit tverrfakultært program skal det verte utarbeida overslag over ressursbehov for undervisning, rettleiing og vurdering (eksamensarbeid). Overslaget skal vere i form av berekna arbeidstimar med utgangspunkt i studieplanen og eit stipulert studenttal. I tillegg kjem timar til fagleg koordinering og eventuelle behov for auka administrasjon.

Dersom det er behov for ekstraressursar til drift av programmet og/eller enkeltemne, bør det takast opp i budsjettprosessen av administrativt ansvarleg fakultet.

Fagleg ansvar for dei einskilde emna skal verte fastlagt i studieplanen. Det fakultetet som emnet sorterer under, har budsjettansvar for emnet og blir kreditert resultatbudsjettet. Dersom fleire institutt gjev undervisning i eit emne, er hovudregelen at oppgjeret mellom partane skjer ved deling av studiepoengproduksjon. Partane kan eventuelt bli samde om ein økonomisk kompensasjon.

3. Styringsstruktur

Administrativt ansvarleg fakultet nemner i fase 2 opp eit programstyre der representantar for samarbeidsmiljøa og studentar er med. Det bør vere ein fagleg ansvarleg for programmet som er leiar for programstyret. Fakultetet/instituttet stiller til rådvelde nødvendig administrativ kapasitet.

Dei institutta/fakulteta som deltek i dei tverrfaglege programma skal vere representerte i programstyret. Medlemene pliktar jamleg å rapportere om møta i styret til leiinga ved eige institutt/fakultet. Programstyremedlemene har særskilt ansvar for å forankre programmet i drifta ved instituttet.

Programstyret har ein rådgjevande funksjon overfor institutt og fakultet når det gjeld planar for emne og program. Programstyret har vidare ansvar for å drive programmet, noko som inneber:

kvalitetssikring i samsvar med retningslinjene i handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia

- å planleggje og koordinere undervisning
- å syte for oppfølging av studentane
- å lage plan for evaluering av emne og programmet i samsvar med pkt. 13 i *Handbok for kvalitetssikring av universitetsstudia*
- å foreslå programsensor
- oppdatering av studieplanar
- å syte for at det blir utarbeidd tilbod om og avtalar om delstudium i utlandet som er innpassa i programmet
- å gje informasjon til studentar og samarbeidande fagmiljø

Emne som inngår i fleire program stiller store krav til timeplanlegginga, og det bør verte lagt ein fast time- og eksamenplan, særleg for dei obligatoriske emna. I emne der det er ledige plassar, kan andre studentar enn dei som er opptekne til programmet, følgje undervisninga.

4. Forpliktingar

Gjennom deltakinga i programmet er samarbeidsfakulteta forplikta til å gje undervisning etter fastlagt syklus i dei emna som inngår i studieplanen for heile programperioden. Samarbeidet kan verte sagt opp med

verknad for neste opptakskull etter vedtak om nedlegging i universitetsstyret året før. Miljø som ønsker å trekkje seg frå samarbeidet, må gje melding om dette i god tid før ansvarleg fakultet melder ønske om nedlegging i samband med Utdanningsmeldinga 01.04, det vil seie innan 1. oktober året før.

I Kvalitetshandboka kap. 16, går det fram at programstyret/fakultetet skal syte for at studentar som alt er opptekne på programmet, får fullføre dette.

Talet på studieplassar og utlysing gjennom Samordna opptak, blir vedteke av universitetsstyret.

Samarbeidspartane er forplikta til å gje undervisning til fastsett studenttal i dei emna og spesialiseringane som inngår i programma.